

Museumssenteret i Hordaland
Rapport om tildelte museumsplanmidlar
2012-2015

Museumsplanmidlane har vore viktige for gjennomføring av oppgåver Muho har hatt ansvar for på vegne av alle musea i Hordaland og for oppstart av regionale tiltak i Nordhordland. Det regionale arbeidet er oppgåver Museumssenteret ikkje har hatt rom for innan egne budsjetttrammer, eller fått tilskot til frå andre aktørar. Det er avgjerande for å utgreie og skape grunnlag for fellesløysingar i regionen. Det styrkar også Muho sin regionale funksjon gjennom framtidsretta tiltak som grip tak i utfordringane som er knytt til private samlingar. Grunna omorganiseringprosess i MuHo 2014/2015 har det vore mindre tid enn ønskjeleg til å gjennomføra prosjekta.

Tildelingar

2012		900 000	Thermo Lignum kammer
2013	Tiltak 32	200 000	Samlingsplan for musea i Hordaland
		150 000	Kartlegging av private og kommunale samlingar i Nordhordland
2014	Tiltak 32	300 000	Samlingsplan for musea i Hordaland
		100 000	Nytt fellesmagasin for musea i Hordaland
		100 000	Styrking av det regionale ansvaret
2015		50 000	Digitalisering av samlingane
2015		750 000	Thermo Lignum kammer
2014		125 000	Regionalt ansvarsmuseum
		50 000	Kompetanseheving immateriell kulturarv

Tiltak 32. Samlingsplan for musea i Hordaland 2015-2020

Tiltaket gjennomført i perioden 2014-2015. Avslutta hausten 2015. Av tilskot på kr 500 000 er det att kr 28 394,- som ein føreslår vert overført til det vidare arbeidet med nytt fellesmagasin.

Den felles planen for samlingsforvaltning fekk til slutt namnet «Samlingsplan for musea i Hordaland 2015-2020» og kjem i ein trykt utgåve i januar. Planen vart på 152 side med vedlegg. Den er rikt illustrert med billete frå alle dei ti konsoliderte musea i Hordaland. Det er unikt i norsk samanheng at fleire konsoliderte museum no ha skrivi ein felles samlingsplan. Planen ser mellom anna på tiltak for samhandling og fellestenester, og diskuterer tematisk ansvarsdeling i framtidig innsamling. Planen er ferdig, men diskusjonane vil fortsette mellom anna i eit eige samlingsfora.

Planarbeidet starta 1. februar 2014. Da vart Torunn Kojan Bøe tilsett ved Bevaringstenestene i 50 prosent stilling for å koordinere planarbeidet. Rapporten ligg før i trykt versjon medio januar 2016. I tillegg til TKB sitt kjem eigeninnsatsen frå alle musea i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.

Heilt frå starten var det ein viktig premiss at dette skulle vere alle musea i Hordaland sin plan, og at arbeidet skulle vere ein inkluderande prosess. Det har difor vore ei rekkje møte og samlingar undervegs i planperioden.

Tiltak: Thermo Lignum kammer

Då det fyrste Fellesmagasinet vart planlagt, var insektsanering ved frysing den aktuelle metoden. Det vart difor investert i eit frysekammer som har gjort god nytte fram til i dag. Men røynsle har synt at det er ein tidkrevjande metode fordi alle gjenstandane må pakkast i plast før frysing, og pakkast ut at etter frysing. Sjølve fryseprosessen tek heile fem døgn. Det er difor ein kostbar metode sett ut frå bruk av tid og personalkostnadar. Dessutan er det avgrensingar med omsyn til kva gjenstandar som kan handsamast med denne metoden. Ved frysing som insektsanering må mange av musea frakte alle sine gjenstandar til BEV, både dei som skal inn i Fellesmagasinet og dei som skal attende til musea.

Med eit mobilt varmehandsamingskammer av typen Thermo Lignum vil ein kunne reise ut til musea og utføre insektsanering på staden av gjenstandar som musea sjølve tek hand om i utstilling og eige magasin. Fordi transport også kan medføre skader på gjenstandar, er det ei føremon å unngå denne påkjenninga.

For gjenstandar som er ute i musea, og for dei som skal inn i Fellesmagasinet, vil arbeidet verte rasjonalisert ved at gjenstandane ikkje treng pakkast i plast, men kan setjast direkte inn i kammeret, og sjølve prosessen tek berre eit døgn. Bruk av Thermo Lignum-kammer er meir skånsamt for gjenstandane, og dei aller fleste organiske materiale kan handsamast ved bruk av metoden.

Museumssenteret i Hordaland har over fleire år søkt staten og fylkeskommunen om finansiering av eit slikt kammer. Hordaland fylkeskommune har til no gjeve tilskot på kr 900 000 i 2012 og kr 750 000 i 2015, i alt kr 1 650 000. Kammeret kostar 2,3 millionar. Det er søkt støtte hjå kulturrådet på 1,4 mill. Noko som er meir enn dei 60% av dei totale kostnadene. Kulturrådet støttar normalt ikkje med meir enn 60%. Kulturrådet er positive til søknaden med ber om at driftskostnadene som er knytt årlig til service og lisensar kjem fram i ny søknad.

Det vil vera naudsynt å byggje om garasjen ved mottaket ved Bevaringstenestene for å få bilen med kammeret innomhus vinterhalvåret slik at det vert drift av kammeret heile året. Temperaturen bør ikkje gå under 5°C. Dette vil føre til ekstra investeringsutgifter knytt til kjøp av det mobile kammeret.

Tiltak 32. Regional dokumentasjonsplan/Kartlegging av private og kommunale samlingar i Nordhordland

Målet på lang sikt er å lage ein dokumentasjonsplan for regionen. Dette er delt i fleire steg og del 1 av arbeidet omfattar kartlegging og tilstandsvurdering av private og kommunale samlingar. Dette vart gjort for å få kunnskap om magasinbehovet knytt til det materialet som er samla inn. Arbeidet vart gjennomført i 2014, med ein 205 siders rapport avslutta i 2015.

Av tilskotet på kr. 150 000 står det att ein sum på kr. 134 000 som går inn i arbeidet i 2016 med registrering og digitalisering.

Rapporten går gjennom og vurderer tilstanden i til saman 15 samlingar fordelt på seks kommunar.

Kartlegging og tilstandsvurdering vart gjort for å avklare magasinbehov knytt til eksisterande samlingar og vurdere noverande lokale og evt. førebyggjande konservering. Arbeidet har også hatt som mål å få oversikt over innhald i samlingane og skape grunnlag for å drøfte løysingar for å gjera dei betre tilgjengelege, samt skape grunnlag for vidare arbeide med innsamlings- og dokumentasjonsplanar.

Utfordringane knytt til desse samlingane er ikkje nødvendigvis knytt til manglande magasinlokale, men kanskje heller mangel på personar som har ansvar for samlingane og som har ressursar (tid, pengar og kunnskap) tilgjengeleg for å sikre tilfredstillande oppbevaringsforhold og formidling.

Frivillig innsats er oftast knytt til formidlingstiltak, vi ser likevel at det er mange av samlingane som er lite tilgjengelege. Det er også tilfeldig kor vidt dei er registrert. Elektronisk registrering ville vera eit viktig tiltak både som sikrings- og formidlingstiltak.

Ein regional innsamlingsplan er planlagt som oppfølging av denne kartlegginga. Det ligg naturleg nok eit magasinbehov knytt til vidare innsamling og det er rimeleg at Muho får eit ansvar for forvaltning og formidling av ei slik regional samling. Ein føresetnad er at ei slik utviding av Muho sitt ansvarsfelt er finansiert gjennom nye midlar.

Kartleggingsarbeidet vil verta fylgt opp med rådgjeving til kva enkelt eigar og diskusjonar i samband med kulturminneplanar i kommunane. Det som står att av tilskotsmidlar vert i 2016 prioritert til elektronisk registreringsarbeide for å sikre kunnskapen knytt til samlingane. Dette må skje i samarbeide med kommunane og med lokale ressursar.

Tiltak: Styrking av det regionale ansvaret

I kartlegginga av dei private samlingane i regionen kjem det tydeleg fram utfordringane som er knytt til å gjera desse tilgjengelege for publikum. Museumsplanmidlane er difor prioritert til utvikling av ei web-basert formidlingsløysing. Prosjektet har starta opp hausten 2015 og vert vidareført i 2016. Dette må sjåast i samheng med posten før. Kr 100 000 var sett av til dette arbeidet. Dette er i oversynet slått saman med kr 150 000 frå forrige post altså 250 000 totalt. Summen som står att og som vil bli brukt i det planlagte arbeidet i 2016 er som nemnt over kr 134 000,-. I tillegg eit tilskot på kr 125 000 til regionalt ansvarsmuseum er brukt på arbeid rapport for Bjørn Vest-museet via Museum Vest pluss arbeid med virtuelt museum for Nordhordland. Rest for dette prosjekt er kr 75 000 som saman med kr 134 000 (sjå over) vil bli brukt i 2016.

Lokalt manglar det nødvendig infrastruktur for som kan gjera samlingane tilgjengelege. Det manglar også ein samlande regional arena for å fortelje kulturhistoria i Nordhordland. Muho ynskjer å vurdere digitale formidlingsløysingar som kan dekke dette behovet.

Det er i 2015 utvikla ei ideskisse til ei web-basert formidlingsløysing der målet er å gjera kunnskapen om samlingane og kulturhistoria i regionen tilgjengeleg på nettet. (dette skal vera linka opp til nasjonale basar som digitalt museum, digitalt arkiv etc.) Våren 2016 vil vi utvikle tekniske løysingar og teste døme gjennom samarbeide med UiB og studentar frå Media og kommunikasjon og AHKR.

Tiltak: Digitalisering av museumssamlingar

Tiltaket vart gjennomført som to prosjekt i 2015: Scanning av lagsarkiv ved Osterøy museum og digitalisering av foto og mønsterarkiv frå broderibedrifta Gunnar Pedersen A/S ved Norsk Trikotasjemuseum.

Norsk broderihistorie sett gjennom vekeblada

Norsk Trikotasjemuseum prioritert å bruke desse midlane på digitalisering av foto og mønsterarkiv etter broderifirmaet Gunnar Pedersen A/S (1915–86). Bedrifta selde broderimønster gjennom butikkar og vekeblad som Allers, Norsk Ukeblad og KK i over 70 år. Firmaet vart ein viktig norsk aktør innan sal av mønster, garn og broderiutstyr, og fekk etter kvart eit stort kundenettverk utanlands.

Museet planlegg ei utstilling om bedrifta sommaren 2016, og samlingsforvaltar ved museet har arbeidd med digitalisering av foto og lysbilete hausten 2015. 159 reklamefoto av broderi i interiør er digitaliserte og katalogiserte, saman med ei mindre mengde motiv frå arbeidslivet i bedrifta, til saman 174 foto. Bileta gjev eit godt inntrykk av kommersielt broderi i Noreg, estetikk og motiv frå 1930-talet og fram til 1970-80-talet.

Konvertering av mønsterarkiv

Museet har tidlegare digitalisert den eldste delen av mønsterarkivet til bedrifta, totalt rundt 4000 mønster. Dette er mønsterplansjar som vart selde i pakkjar med garn, gjennom vekepressa og i butikk. Til no har desse vore registrerte på Excelark, men i årsskiftet 2015/2016 konverterte KulturIT registreringane til gjenstandspostar i Primus. Det er eit sterkt ynskje frå givar om å tilgjengeleggjere desse mønstera, og så langt vi veit har givar, som tidlegare eigar av bedrifta, rettighetene til mønstera. Dette er ein populær del av museet sine samlingar på nett, og museet ynskjer difor publisere mønstera på DigitaltMuseum.

Utgifter:

Konvertering av mønsterarkiv, KulturIT	kr. 11 800
Digitalisering og katalogisering av foto, oppfølging av konverteringsoppdrag	kr. 13 200

Prosjektet medførte òg ein del eigeninnsats frå museet si side.

Digitalisering av lagsarkiv i Eksingedalen

Osterøy museum har i samarbeide med Fylkesarkivet startar arbeide med å scanne lagsarkiv i Eksingedalen. Tilskotet på kr 25 000 vart nytta til delfinansiering av lønsutgifter. Osterøy museum har lagt inn omtrent like mykje i eigenandel.

Arbeidet er ein del av Osterøy museum sin strategi for å sikre og gjera tilgjengeleg privatarkiv frå Osterøy og Nordhordland.

Arkivet inneheld materiale frå fleire frivillige organisasjonar i Eksingedalen. Det mest omfattande arkivet er frå Dølalaget, som vart starta opp som leselag allereie i 1881. Dette er eit av dei eldste ungdomslaga i landet som framleis eksisterer. Mykje av materialet frå oppstarten er teke vare på. Til

saman inneheld lagsarkiva om lag 57 protokollar, kassabøker og lagsblad/aviser. Det finst og nyare materiale i permar. Det er laga ei avtale med Dølalaget om scanninga. Omtrent halvparten av materialet er scanna i 2015 og museet vil halde fram med arbeidet i 2016. Målet er å registrere det i Asta når scanninga er avslutta.

Rest kr 0,-.

Arbeidsgruppe for nytt fellesmagasin for musea i Hordaland

Arbeidsgruppa har avslutta sitt arbeid og rapport blir levert HFK 21.01.2016. Det er stilt til rådvelde for gruppa kr 100 000 til å gjennomføre arbeidsmøte og studietur til Sverige og Danmark. Rapporten og kartlegginga av tilstand ved dei dårlegaste magasinane ved musea i Hordaland er skriven av Anders Gjølås-Andersen Bevaringstenestene med hjelp av Anne Bjørke Bymuseet. Det er lagt ned omfattande eigeninnsats av arbeidsgruppa i tillegg til tilskotet frå HFK.

Rest kr 0.

Kompetanseheving immateriell kulturarv

Tilskot kr 50 000. I 2014 brukt midlar til nasjonal idédugnad for strategi for å sikre nasjonal kulturarv innan tekstilfeltet. Vidare har midlar vore brukt i 2015 til temasamlingar om ull for å kartleggje og bygge kompetanse om bearbeiding av ull. Desse har vore opne for publikum. Rest kr 44 000 vil bli brukt i 2016 til utvikling av undervisningsopplegg og strategi for å sikre og formidle kunnskap.

Eg vil peika på at omorganiseringsprosessen i MUHo har vore tidkrevande så ein del av det planlagte arbeidet knytt til museumsplanmidlane er ført over til 2016. Skulle det vera behov for eit meir detaljert oppsett av bruken av midlane kan de få det på førespurnad.

21.01.2016



Atle Ove Martinussen

Direktør

Museumssenteret i Hordaland